

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.02.2014
Sakhandsamar: **Hilde Christiansen**
Saka gjeld: **Rapportering på HMS og kvalitets området**

Arkivsak
2014/146
Styresak 034/14

Styremøte 04.03. 2014

Forslag til vedtak

1. Styret legg til grunn at verksemdsrapporteringa frå og med februar 2014 vil innehalde HMS/kvalitetsrapportering
2. Styret legg til grunn årsplanen for HMS/kvalitetsrapportering


Oppsummering

Styret ynskjer at det ved kvart av styremøta blir sett fokus på HMS/kvalitets området. Føretaksgruppa Helse Vest har over ein lang periode utvikla strategiar og tiltak på HMS/kvalitets området. Det er også etablert felles nasjonale indikatorar på HMS/kvalitets området. Helse Vest initierte HMS som eit delprosjekt under MOT prosjektet i 2005, (Medarbeidar – Organisasjon – Teknologi). Det er etablert eit rekkje felles tilnærmingar på HMS/kvalitets området. De kan nemnast:

- Felles mål formuleringar
- Felles strategiar
- Regionalt HMS råd
- Regionale samlingar for alle klinikk- og føretaks hovudverneomboda
- Felles rapportering av hendingar, nesten hendingar for å utvikle ein god HMS meldekultur

Kvalitetssatsinga i Helse Vest blei etablert i 2005 og i 2008 beslutta styret å vidareføre og styrke satsinga ytterlegare. I april 2013 vedtok styret å vidareføre arbeidet i program for pasienttryggleik med eige prosjektorganisering. Forventningane til auka fokus på kvalitet har vore ein del av styringsdokument/føretaksprotokollar dei seinaste åra. Program for pasienttryggleik vil og legge fram ei sak med status på dei ulike indikatorane innan kvalitetsarbeid og pasienttryggleik i løpet av våren 2014. Det bør være eit mål at styret får innsikt i- og ikkje minst får presentert ulike sider av HMS/kvalitets området i kvart styremøte på eit overordna nivå, og at det blir etablert ein felles rapportering som er gjennomgåande for heile føretaksgruppa.

Eit års hjul for å dekke grupper av rapporterte hendingar er gjennomgått med helseføretaka, (Personalområdet):



Fast månedleg rapportering som vil inngå i verksemdsrapporteringa kan vere:




Denne tabellen viser gruppering av alle hendingar som er registrert.

For kvar av gruppene er det meir detaljert informasjon som blir nytta som grunnlag for tiltak og forbetring.

| Føretaksgruppa Helse Vest 2013 | | |
|--|-------------------------------|---|
| Hovudkategoriar av hendingar | Sum tal registrerte hendingar | Del av totalt tal registrerte hendingar |
| Registrering av uønskede hendelser og forbedringsforslag | 33 | 0,1 % |
| Uønsket hendelse med konsekvens - IKT/Informasjonssikkerhet | 92 | 0,4 % |
| Andre Kilder - Klagesaker skriftlig/muntlig | 124 | 0,6 % |
| Uønsket hendelse uten konsekvens - IKT/Informasjonssikkerhet | 165 | 0,7 % |
| Frekvente hendelser - Frekvente hendelser | 373 | 1,7 % |
| Uønsket hendelse med konsekvens - HMS/Ansattskade | 1 388 | 6,2 % |
| Uønsket hendelse med konsekvens - Driftsrelatert | 1 438 | 6,4 % |
| Uønsket hendelse uten konsekvens - HMS/Ansattskade | 1 765 | 7,9 % |
| Uønsket hendelse med konsekvens - Pasientrelatert | 2 354 | 11 % |
| Uønsket hendelse uten konsekvens - Driftsrelatert | 3 874 | 17,4 % |
| Forbedringsområder | 4 584 | 20,5 % |
| Uønsket hendelse uten konsekvens - Pasientrelatert | 6 125 | 27,4 % |
| Totalt | 22 315 | 100,0 % |



Denne tabellen viser fordelinga mellom dei ulike gruppene av hendingar. Sjølv om ei gruppe hendingar har få rapporterte hendingar kan dei likevel ha stor konsekvens. Eksempel på dette er IKT hendingar med konsekvens.

Kvartalsrapportering vil innehalda ordinær verksemdsrapport med tillegg av korleis utviklinga er med måling av fráværsskade frekvens og Personskade frekvens slik det er vist nedanfor.



Fráværsskade frekvens og personskade frekvens er indikatorar som gir informasjon om kor mange millionar timar det er mellom kvar hending i forhold til utførte timar. Den skal gi retning for forebygging av hendingar.

Ved halvårsrapportering vil vi gjere greie for status i forhold til etterlevering av AML for arbeidstid. Det vil bli vist analysar på årsaker til varsel om moglege brot på AML, kva reglar som utløysar varsel og tiltak:



Fakta HMS området

Føretaksgruppa Helse Vest har etablert konkrete strategiar gjennom brei deltaking og forankring. Fundamentet blei i hovudsak lagt i 2005 med etablering av klare målformuleringar og visjonar for HMS området.

Systematisk samarbeid i vernetenesta frå vi blei helseføretak – regionalt og nasjonalt

Ulike organisasjonsutviklingsprosjekt i Helse Vest

Økt leiarfokus på HMS – et ønske om å styrke vernetenesta

Regionale samlingar for føretaks hovudverneombod og klinikk hovudverneombod – 2 gangar i året

Regionalt HMS-råd – alle føretaks hovudverneomboda deltar



Det må vera eit fellesskap med brei tilslutning på alle nivå. Toppleiinga i helseføretaka har det organisatoriske systemansvaret, men å få til ein heilskapleg tilslutning for flest mogleg involverte er viktig for å lukkast.

Brei prosess og forankring

Diskusjon blant verneombod på alle nivå

Arbeidsgrupper som i fellesskap gjennomgår og føreslår felles tiltak og mål på regionale samlingar

Konsern hovudverneombod og føretaks hovudverneomboda lagar utkast

Strategien på høring til alle verneombod

Felles strategi ferdigstilt mars 2010

Helse, miljø og sikkerheit

– ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen

Strategi for verneomboda 2010-2014



HELSE VEST



Gjer vi det vi seier, og seier vi det vi gjer? Det gjer lite læring i rapportering av enkelt hendingar i HMS rapporteringa om ein ikkje følgjer at vi verkeleg har sikra at strategiane og måla er ein naturleg del av kvardagen.

Vi må måle → spørjeundersøking

Operasjonalisering av måla i strategien

Vektlegging av metodikk og etikk

Gjennomført våren 2010

Gjentatt i 2013

Verneombodsarbeid
– slik kan det gjerast

H M S

– EIT SYSTEMISERT TILGANGSPUNKT

Det neste er å sikre at vi utviklar ein *læringskultur* av hendingane. Enten hendingane har skjedd i føretaksgruppa eller det er hendingar skjedd utanfor spesialisthelsetenesta. Døme på dette er rapporten etter 22. juli hendinga og hendingar på akutt mottak i Danmark der væpna aksjonistar tok seg inn på sjukehuset. Begge hendingar har vore tema på toppleiarssamlingar, samlingar for tillitsvalde og vernetenesta.

Synergi, som er felles rapporteringssystem for alle hendingar, enten det er pasienthendingar eller HMS hendingar og skadar, gir moglegheit for omfattande rapportering. I tillegg må ein sjå HMS rapporteringa i saman med anna rapportering på medarbeidarområdet, til dømes sjukefråvær, heiltidskultur, kompetansetiltak, IA arbeidet med meir.

Helse Vest skal saman med heile vernetenesta bidra til å støtte kunnskapsgrunnlaget for vernetenesta, utover det som skjer i det einskilde helseføretak/Helse Vest IKT, samlingar, rapportering.

Det har vore ein bevisst haldning til at vi også skal sikre at vernetenesta har tilgang på viktig litteratur:



Dette er døme på eigne opplag av lov og kunnskap som blir kjøpt inn og kor vi legg forord eller etterord for å løfta fram felles Målformuleringar.

Helse Vest var den første til å innføre ein vernerunde jamnleg i alle einingar. Det var ikkje særleg tilslutning til dette den første tida, men dei som var mest kritiske har i ettertid hatt mykje glede av dette. Enkelte avdelingar går ein enkel vernerunde kvar veke som skal ta inntil 15 minuttar, og involverer ulike medarbeidarar i tillegg til verneomboda.

| Veke: | | Avdeling: | Deltakarar: | | | |
|-----------------------------|--|--|--------------------|-----------|-------|--|
| Aktivitet | | Status | Kommentarar/Tiltak | Ansvarleg | Frist | |
| Imedlems Orden | Er det ryddig i avdelinga? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| | Er inneklimaet tilfredsstillande med omsyn til bl.a.: Lys / Luft / Reinhold / Støy | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| Verneutstyr og hjelpemiddel | Er det god kontroll med kjemikalier, og er datablad lett tilgjengelege? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| | Er tilstrekkeleg verneutstyr og hjelpemiddel lett tilgjengelege, og i bruk? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| Rømningsvegar og evakuering | Er rømningsvegane merka og frie for hindringar? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| Avfallshandtering | Blir avfall handtert i tråd med retningslinjene? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| | Er avfallsdunkar/dispenserar i orden og lett tilgjengelege? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |
| HMS-hendingar | Er det meldt nye skader/HMS-hendingar i Synergi? | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei | | | | |

Det er eit ynskje at vi skal få til registrering av vernerunden for å lære på tvers av ulike einingar.

Verksemdene gjennomfører kvart år felles HMS kartlegging, først ein «grov» kartlegging og deretter ein meir finmaska kartlegging for dei områda som peikar seg ut for å gå nærmare gjennom. Alle einingar gjennomfører kartleggingane og alle medarbeidarar og leiarar deltar. Denne blir gjennomført digitalt i arbeidsplansystemet, (PULS modulen). Dette er eit kartleggingsverktøy som blir tatt i bruk i 2014. Det

vil vere mogleg å lage ein overordna status basert på desse kartleggingane for heile regionen. Verksemdene gjennomfører kartleggingane på litt ulike tidspunkt. Det vil derfor måtte bli ein årleg status når alle har gjennomført kartlegginga. Vi ynskjer at det blir eit felles årshjul på HMS/kvalitetsområdet, nokre det er felles mål om å få til.

Helse Vest lagar ein samanstilt analyse for HMS/kvalitetsområdet kvart kvartal og samla for året. Analysen blir nytta til utvikling av felles tiltak for kommande år, saman med vernetenesta og verksemdene.

Ut frå kunnskapsgrunnlaget blir det satt i verk tiltak for å redusera hendingar. Døme på dette er etablering av kompetansetiltak for tryggleikskompetanse der medarbeidarar får ferdigheiter/trening i korleis dei skal handtere vald og truslar. Alle helseføretaka har gjennomført opplæringa.

Helse Bergen har etablert grupper av medarbeidarar innafor psykisk helsevern som kan bidra på tvers av einingane. Eit tiltak dei blei tildelt årets Arbeidsmiljøpris for av KLP.

Analysane for 2013 vil vera ferdigstilt i løpet av kort tid og vil bli del av rapportering til styret.

Ved Spesialisthelsetenesta HMS konferanse i 2013 blei Helse Fonna tildelt årets HMS pris og andre tiltak i føretaksgruppa som fekk heiderleg omtale. Fleire av våre verksemdar har fått tildelt eksterne prisar, som til dømes «Årets arbeidsmiljøpris».

Utvikling på HMS/kvalitetsområdet

HMS Akademiet:



Målet med etablering av HMS akademiet er at dette skal bidra i aktivitetar som understøtter eit godt arbeidsmiljø og ein vel fungerande verneteneste i heile føretaksgruppa. HMS akademiet skal jobbe med å betre det eksisterande HMS-arbeidet, vidareutvikle HMS systemet/prosessane og bidra til å nå måla og anerkjenning av HMS som eit viktig verkemiddel for å eit godt arbeidsmiljø og trygge arbeidsplassar.

Helse Vest skal vere leiande innan HMS arbeid i spesialisthelsetenesta, og førebygging skal prioriterast av alle. Haldningane skal «innunder huda», og HMS tenking skal vere ein naturleg del arbeidsdagen. I Helse Vest skal vi ha enkle brukarvennlege system som skal vere tilgjengeleg for alle medarbeidarar og leiarar.

Det skal vere fokus på:

- Førebygging
- Synliggjerings
- Deltaking
- Bevisstgjerings
- Opplæring i verneutstyr
- Opplæring i medisinteknisk utstyr

Kva er HMS akademiet?

Ein felles møteplass (nettportal) der "HMS arbeidet" står i føresetet, der felles mål for å oppnå ein god og felles kultur er presentert, der ein og kan få svar på ofte stilte spørsmål (FAQ) og lett søke seg fram til aktuelle saker

Døme på innhald og korleis ein skal bygge opp under ein vel fungerande HMS kultur:

Arbeid og helse

- HMS visjon og mål
 - Ansvar HMS: leder - medarbeider
 - Aktører i HMS-arbeidet: BHT, Vernetjenesten, HMS/Kvalitetsrådgivere i divisjonene
- Sjukefraværsoppfølging
- Livsfasepolitikk
- Gravide
- Stikkskader, smittevern og strålevern
- Ergonomi og forflytning
- Støy og inneklima
- Arbeidslokaler
- Kjemikalier og kjemikaliereregister
- Databriller
- Psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø
- Yrkeshygiene
- Yrskeskade

Helseføretaka er nå i prosess med å revidera sine Intranett og byggja opp HMS/kvalitets området. Dette er ein arbeidsskisse frå Helse Bergen, (dei ulike boksane vil bli dei tema som er vist i dette notatet).


The screenshot shows the 'Innsiden' intranet interface. At the top, there is a navigation bar with 'Innsiden' logo and user information for 'Inger Lise Hovda Dobbe'. Below this is a menu with 'Enheter', 'Linker', 'Skjema', 'Bestilling', 'Telefon', 'Ansattportalen', and 'Lederportal'. A search bar is also present. The main content area features a grid of blue boxes with the following text:

| | | | |
|-----------------------|--|------------|-----------|
| Helse | Arbeidsmiljø | Ytre miljø | Sikkerhet |
| Erfaringsoverføring | Synergi Prosedyre(EQS) Regelverk | Kompetanse | |
| Bedriftshelsetjeneste | Verneombud | AMU | |

Below the grid, there is a text block defining HMS (helse, miljø og sikkerhet) as systematic work to ensure safety for all employees and patients. It includes sections for 'Trygt for alle!', 'Gode og sikre arbeidsvaner', and 'Hvem gjør hva i HMS-arbeidet?'. On the right side, there is a 'Beredskap' section with contact information for the HMS-senteret, a 'Leder' section for 'Seksjonsleder Wallevik, Marit', and a 'Medarbeidere i HMS-senteret' section listing 'Bedriftslege Eggerud, Anne-Marie Botnen', 'Rådgiver Dolvik, Aina', 'Spesialfysioterapeut Eek, Eva Dagen', and 'Rådgiver Monsen, Tord'.

Aktivt bruk av e-læring

Vi har felles Læringsportal der vi legg ut alle interne kurs, enten de er klasseroms kurs eller e-læringskurs.



Det er etablert felles obligatoriske krav til opplæring for alle medarbeidarar på mange områder, inkludert HMS/kvalitets området. Læringsportalen er integrert med Kompetanseportalen og etter kvart også Arbeidsplanssystemet. Det var ved utgangen av 2012 gjennomført omfattande kompetansestyring og gjennomføring av kompetansetiltak. Vi lager eit resultatnotat på medarbeidarområdet for kvart år. Dette arbeidet er i slutfasen for 2013. Styret vil bli nærare orientert så snart samanstillinga er ferdig for alle innsatsområda på medarbeidar/leiarområdet.

Kommentarar

Helse Vest vil slutføre analysane for 2013 og vil ta initiativ til eit felles årshjul for HMS/kvalitets området. Dette vil bidra til felles rapportering i heile føretaksgruppa. Det vil vere nødvendig å sikre tilslutning og medverknad både frå vernetenesta og verksemdene. I mellomfasen vil Helse Vest orientere styret på HMS/kvalitets området med utgangspunkt i analysane og fokusområda som er etablert. Administrerande direktør ynskjer også å få innspel frå styret på kva ein ynskjer av rapportering og fokus for 2014.